



STRAUMEN SFO

Adresse: Haugen 15, 5567 Skjoldastraumen

Telefon: 52758364/90563060


E-post: jan.overnes@tysver.kommune.no



Leikande lett!

Leikande lett!

Årsplan for STRAUMEN SFO 2020-2021





Innhald

Velkommen:	3
Ansvar og vedtekter. Opningstider, blokker og prisar:	4
Fakta om Straumen SFO:.....	5
Mål og verdigrunnlag:	6
Hovudområde	8
Kultur og kreativitet.....	8
Mål: Alle barn i SFO skal få oppleve meistring og skaparglede gjennom å delta i kulturaktivitetar og gjerne få formidla litt av sin eigen kultur.....	8
Sosial kompetanse	9
Mål: Alle barn i SFO skal oppleve omsorg, trivsel og trygghet som støttar og fremmar utviklinga deira av sosial kompetanse.	9
Leik.....	10
Mål: Alle barn i SFO skal oppleve glede i leik og læring ved å kunne utfalde seg i fri og organisert leik.....	10
Fysisk aktivitet og helse.....	11
Mål: Alle barn i SFO skal oppleve glede og meistring i fysisk aktivitet og friluftsliv i tilknytning til lokalmiljøet.	11
Diverse informasjon.....	12





Me vil ynskja alle elevar og foreldre hjarteleg velkomne til Straumen SFO



Planar

Kvalitetsplan

Tysvær kommune har utarbeidd kvalitetsplan for SFO i kommunen. Kvar SFO har deretter laga sin eigen plan ut frå det. Du les nå i denne planen.

Månadsplan

Månadsplanane inneheld element frå kvar satsingsområde, mål for aktivitetane og er ei grovkisse over månaden.

 Månadsplan SFO, mai 2020 		
Hovudområde	Mål:	Aktivitetar:
Fysisk aktivitet og helse	Medverka til god fysisk form	- turar i nærmiljø (Notafлот) - mest mulig ute i <u>frileiken</u>
	Varme måltid i staden for smøremåltid	- tomatsuppa - «arme riddere» - pølse på spidd
Leik	Gje ekstra tilbod til 4. <u>klassingane</u> Alle har nokon å leika med	-4. klasse klubb -god tid til frileik kvar dag
Kultur og kreativitet	Oppeva endringane i årstidene	- laga pynt og dekorera til 17.mai - alternativ feiring av 17. mai 15. mai
	Halda blomsterbede i stand	- planta i blomsterbede
Sosial kompetanse	PALS -reglane blir haldne ved like ut året	-repetisjon av reglar etter behov -premiering for <u>brakort</u> (usynlige)

Til heimen:

Så er endelig sfo gradvis i gong igjen etter Coronapausen. Me sikrar ein trygg oppstart med litt ekstra personale første veka og nøye reinhaldsreglar. Sjå info frå skulen.

Det er berre 11 barn den første veka og det aukar til 15 andre, Beskjedane om oppstart gitt til Marit på telefon reknar me for melding. Dei som kjem til etter det må melda frå til SFO slik at me veit kor store gruppene kvar veka blir. Elles gjeld melding om fråvær som vanleg. Me har god plass, så me håpar å sjå dei fleste igjen før ferien.

Me vil gjerne at ALLE har ekstra sko til å ha på seg inne på SFO basen så det er reint for leik på golvet (tøfler/gymsko)

Med helsing SFO-personalet

Vekeplan

Me planlegg veka i detalj kvar fredag. Me legg då inn aktivitetane frå månadsplanen. Det er alltid både frie og styrte aktivitetar gjennom veka.

SFO er fritida til barna og me legg vekt på at dei i stor grad skal få velja sjølv kva dei vil gjera.

Me legg vekt på at dei får utvikla seg gjennom den frie leiken.

Barn leikar fordi dei synest det er moro.

Personalet legg til rette og er inspirator til ulike aktivitetar og frileik.

Barna kan vera med på organiserte aktivitetar dersom dei ynskjer det.

Dei faste aktivitetane i løpet av veka er eit frivillig tilbod til alle. Det syner seg at mest alle deltar og synest det er kjekt.



Ansvar og vedtekter:

Tysvær kommune eig og driv skulefritidsordninga ved alle grunnskulane i Tysvær i tråd med krava i Opplæringslova § 13-7 med eventuelle forskrifter og følgjer retningslinjene som er vedtatt av kommunestyret 12.04.2016. Vedtektene er å finne på Tysvær kommune si heimeside under fana SFO. All påmelding skjer digitalt via same fane, som tar deg vidare til Visma-flyt skole, der du som føresett loggar deg inn med ein av typane elektronisk veg du finn der.

Samarbeidsutvalet (SU) ved skulen er den lokale styringsgruppa for skulefritidsordninga. Når SFO-saker blir handsama, blir SU supplert med dagleg leiar i SFO. Denne planen blir handsama ved SU om hausten.

Opningstider

Måndag :

Kl. 7.00 - kl. 8.45 og kl. 13.30 - kl. 16.30

Tysdag :

Kl. 7.00 - kl. 8.45 og kl. 14.20 - kl. 16.30

Onsdag :

Kl. 7.00 - kl. 8.45 og kl. 12.30 - kl. 16.30

Torsdag :

Kl. 7.00 - kl. 8.45 og kl. 14.20 - kl. 16.30

Fredag :

Kl. 7.00 - kl. 8.45 og kl. 12.30 - kl. 16.30

Blokker og prisar

Tysvær kommune opererer med fem ulike blokker inkludert morgon-SFO. I praksis vil dette seie to tider ein kan velje mellom i ordinær ettermiddags-SFO. Slutt-tidene her er enten 15:30 eller 16:30. Det er i tillegg mogleg å kjøpe seg ulike ferieveker (sjå vekenummer under). Det opnar for at barn som ikkje har ordinær SFO kan søke om plass i ferievekene.

SFO betalingsblokker

Tilbod	Tidsramme	Pris f.o.m. 01.08.20 (pr mnd)
SFO 1	07:00-skulestart	945
SFO 2	Skuleslutt til 15:30	2115
SFO 3	Skuleslutt til 16:30	2350
SFO 4	07:00 til skulestart + skuleslutt til 15.30	3058
SFO 5	07:00 til skulestart + skuleslutt til 16.30	3295
Tilbod utanom ordinær SFO-tid (Pris f.o.m. 01.08.20)		
	Ekstra dag (planleggingsdag/feriedag) pr. dag	250
	Ferieveke	885

SFO følgjer skuleruta og er stengt i juleferien og fire samanhengande veker i juli.

NB! Betaling over 10 månader

Tilbod på planleggingsdagar og ferietilbod

- Alle foreldre kan kjøpe separate ferieveker og enkeltdagar dersom kapasitet.
- Ferie-SFO er felles for heile kommunen og er lagt til ein skule.
- Det blir gitt tilbod om SFO på skulen sine planleggingsdagar.

Prisar blir justert i budsjettet årleg. Sjå nettsidene våre.

Føresetnaden for å gi eit tilbod, er minst 8 påmelde barn. Ferie-SFO er lagt til Frakkagjerd barneskule.



STRAUMEN SFO

Adresse: Haugen 15, 5567 Skjoldastraumen

Telefon: 52758364/90563060

E-post: jan.overnes@tysver.kommune.no



Fakta om Straumen SFO:

Dei siste åra har det vore mellom 20 og 30 barn. I år er me berre 16 frå start. Dei tilsette er:



Jan Øvernes

Ped leiar

Fritidspedagogikk frå HSH, kroppsøving, natur og miljø, norsk.



Hill Lindanger

Assistent

Allsidig SFO arbeidar som også er to dagar på Tysværtunet. Styrer både kjevle og sirkelsag med stødig hand. Vår beste husøkonom.



Anne Bjørg Lindanger

Assistent

Teikne- og maletalent som deler raust med seg på SFO. Har vore på Straumen SFO sidan oppstarten. Tysværs mest erfarne SFO arbeidar.



Klara Astrid Asheim

Assistent

Også erfaren SFO arbeidar. Som tidlegare speidar har ho spisskompetanse på friluftsliv både til lands og til vans. Held hovudet kaldt i alle situasjonar.



Eva Dalva

Assistent

Heile Tysvær si handballmor som oftast har ansvar for det som har med gymnastikk å gjera. Ei oppkomme av idear til leikar.



STRAUMEN SFO

Adresse: Haugen 15, 5567 Skjoldastraumen

Telefon: 52758364/90563060

E-post: jan.overnes@tysver.kommune.no



Mål og verdigrunnlag:

Alle Tysvær kommune sine SFO-ar har same overordna visjon: «**Leikande lett**». I dette omgrepet legg me:

L-LEVANDE E-ELEVSENTRETT T-TILRETTELAGT T-TRYGT

I Straumen SFO betyr dette:

Levande:

- engasjerte vaksne og barn
- god stemning og godt humør. Liv og røre, latter
- lov og evne til å finna på ting sjølv

Elevsentret:

- barna er med og bestemmer
- laga ting med barna sine interesser og standard
- sjå kvart enkelt barn, også dei stille. Hjelpa med val
- stemninga/behovet i gruppa viktigare enn dei vaksne sin plan

Tilrettelagt:

- materiell er til stades, noko for alle aldersgruppene
- planlagt kven som gjer kva
- planlagde aktivitetar
- nokre tema
- mestring i sentrum

Trygt:

- gode vaksne rollemodellar
- nok vaksne
- tydelige reglar som barna kjenner
- godt samarbeid med heimen er viktig
- frivillige samtalar etter invitasjon og ved behov
- kvart barn har sin primærkontakt
- møte foreldre når dei leverer/hentar barna



STRAUMEN SFO

Adresse: Haugen 15, 5567 Skjoldastraumen

Telefon: 52758364/90563060

E-post: jan.overnes@tysver.kommune.no



Ut frå denne visjonen har me utarbeidd fire område me satsar spesielt på i perioden planen varer. Desse er:

- Kultur & Kreativitet
- Sosial kompetanse
- Fysisk aktivitet og Helse
- Leik

Denne visjonen og alle tankane rundt, skal vere med på å utvikla eit godt og trygt læringsmiljø for alle barna våre. Me vil også prøva og støtta skulen i arbeidet med å bygga opp under læringsprosessane ved å arbeida systematisk og kunnskapsbasert der det er naturleg. Dei grunnleggande ferdigheitene som skal vektleggjast i alle fag, vil me også leggja vekt på i SFO. Me jobbar etter ulike tema som er å finna i den enkelte SFO sine årsplaner.



Julebord 2020



Hovudområde

Kultur og kreativitet

Mål: Alle barn i SFO skal få oppleve meistring og skaparglede gjennom å delta i kulturaktivitetar og gjerne få formidla litt av sin eigen kultur.

På STRAUMEN SFO vil me dette året leggja vekt på

- kontaktskapande aktivitetar
- årstider
- kreativ bruk av materiell meir enn faste modellar
- henta inn og bruka naturmateriale.

Eksempel på aktivitetar

- dekorera lokala med produkta våre
- fylgja årstidene og høgtidene
- danse-grupper
- songleikar
- gamle spel
- bruka kjøkken
- Lucia feiring i samarbeid med 4. kl
- påskefest for barn og foreldre på kveldstid





Sosial kompetanse

Mål: Alle barn i SFO skal oppleve omsorg, trivsel og trygghet som støttar og fremmar utviklinga deira av sosial kompetanse.

På STRAUMEN SFO vil me dette året leggja vekt på

- Positiv respons på god oppførsel
- Læra gode rutinar
- Læra forventa åtferd

Spesielle aktivitetar

- Læra reglane, fokus på 1. klasse

Spesielle tiltak

- SFO leiar deltar i skulen sitt PALS-team





Leik

Mål: Alle barn i SFO skal oppleve glede i leik og læring ved å kunna utfalda seg i fri og organisert leik.

På STRAUMEN SFO vil me dette året leggja vekt på

- fri og organisert leik
- engasjera oss i barnet og barnet sine interesser
- involvera oss i leiken og vurdera støtte og hjelp
- foreslå og visa korleis ein leikar

Eksempel på aktivitetar:

- læra og trena på reglar og sosiale ferdigheter
- gje barna opplevingar og meistring
- bruka smågrupper med fokus på sosial læring
- la barn sin eigen kultur komma fram
- konstruksjonsleik, Tekno-lego/ Blue-boot





Fysisk aktivitet og helse

Mål: Alle barn i SFO skal oppleve glede og mestring i fysisk aktivitet og friluftsliv i tilknytning til lokalmiljøet.

På STRAUMEN SFO vil me dette året leggja vekt på

- vera mykje ute
- bruka nærmiljø, sjø, strand, skog.
- meistra, våga å prøva.

Eksempel på aktivitetar:

- turar i nærmiljø
- tema-turar, som koka egg i fjøra
- klatring i klatrestativ og i naturen
- tilbod om gymsal
- halda blomsterbede i stand
- instruera i ulike ferdigheter og motivera til å vera med
- formidla haldningar om fair play og lagspel
- laga sunn mat til festlige anledningar





STRAUMEN SFO

Adresse: Haugen 15, 5567 Skjoldastraumen

Telefon: 52758364/90563060

E-post: jan.overnes@tysver.kommune.no



Diverse informasjon

FORELDRESAMTALE

Foreldre kan komma med ynskje om samtale med SFO. SFO vil også senda ut tilbod om frivillig samtale med primærkontakten. Me samarbeider med lærarane om samtalar der dette er nødvendig med tanke på heilskapen i kvardagen til barna.

FRÅVÆR ELLER ANNA AVVIK PÅ SFO:

Dersom barna skal vera borte frå SFO, vere med andre barn heim, bli henta av andre enn vanleg o.l., må me alltid ha melding. Bruk SMS eller send melding i Visma.

Dersom barna ikkje er på skulen, gir lærar melding til SFO.

EKSTRA KLEDE

Alle som er i SFO må ha ekstra klede liggjande på skulen.

Mykje kan skje etter ein dag på skulen og SFO, difor er dette nødvendig.

Me skal som regel vera ute kvar dag, så regnkledde skal alltid vera med når det regnar, eller når det er meldt regn.

Det kan vera lurt å ha eit sett med regnkledde og støvlar på skulen.

MERKING:

Me vil tilrå at de merkar klede, støvlar, penal, matboksar o.l.

EIGNE LEIKER

Leiker som barna tek med heimanfrå er deira eige ansvar. Desse bør merkast.

NB: Når Korona-reglar: Ingen leiker.

MÅLTID:

Det er mat ca. kl. 14. 30. Dei må ha med eiga SFO-niste alle dagar. Dersom det skulle bli laga mat her vil de få beskjed. Matpengar kan bli kravd inn blir delt ut ved behov i år.

PRIMÆRKONTAKT:

Kvart barn får sin primærkontakt . D.v.s. at kvart barn har ein vaksen som har hovudansvaret for seg. Alle vaksne har ansvar for alle barn som er på SFO, men primærkontakten skal ha eit særleg ansvar for dagleg kontakt med barnet og føresette.

Sjå eige skriv.